



Kommunar med serviceskyss

## Serviceskyss – 2014 - Vidareføring

Det er oppretta serviceskyss i 14 kommunar i fylket. Dette har vist seg å vera ei svært vellukka ordning. Fleire kommunar har teke kontakt med fylkeskommunen med ynskje om å få delta i ordninga.

Det vart sendt ut brev til alle kommunar den 24.6.2013 med spørsmål om medfinansiering. Det kom inn svar frå 4 kommunar. Svara frå kommunane var at dei ikkje kan gå inn med eigenandel då dette vert for stor kostnad for kommunen. Utan kommunal medverknad vert det vanskeleg å opprette nye skyssar i alle av dei resterande kommunane.

Vidareføring av serviceskyssen vart handsama i budsjettet for 2014.

Fylkestinget gjorde i møte 10.12.13 slikt vedtak i sak 55/13:

### «Serviceskyss

I 2013 har 14 kommunar tilbod om serviceskyss, der kvar kommune har utarbeidd tilbod til beste for sin kommune. Det er ynskje om å utvide tilbodet for fleire kommunar.

Det er sett av 3,5 mill. kr til Serviceskyss i 2014. Tilbodet vert vidareført om lag på same nivå som i 2013.»

I hovudsak vil tilbodet for 2014 verte ei vidareføring av tilbodet i 2013. Samferdsleavdelinga arbeider no med å evaluere dagens ruter. Vi ser at nokre ruter er uforholdsmessig dyre. Vidare har nokre transportørar kravd auka godtgjersle. Det vil difor vere behov for nokre justeringar.

Samferdsleavdelinga vil ta kontakt med aktuelle kommunar der det er behov for justeringar.

Med helsing

Velaug Veum  
fylkesdirektør

Oddveig Hove  
førstekonsulent

### Kopi til:

Frivilligsentralane i Sogn og Fjordane v/Magne VivelidEldrerådet i Sogn og Fjordane

